

Manger, 12.04.2022

Kommentar til dispensasjonssøknad for gbnr. 445/455 på Manger Nedre.

Viser til dokumenta me har fått tilsendt pr. epost, datert 30.03.22, i samband med utbyggjar sin dispensasjonssøknad.

Me ser av dei nye teikningane at dei skisserer endringar som vil føre til vesentleg økt innsyn til dei nærliggjande eigedomane rundt. Dette på bakgrunn av ynskje om å auke mønhøgda med 1,2 m på den sida som ligg mot gbnr. 445/120, då dette vender med vindu rett mot gbnr. 445/ 402 og gbnr. 445/403 sin hage og terrasse. Utifrå teikningane som allereie er godkjent for eigedommen, skulle denne delen av huset brukast som garasje med kaldloft. Dermed ville ikkje dette blitt brukt som eit opphaldsrom, og problemstillinga med auka innsyn hadde då vore unngått.

Ifølge Plan- og bygningsloven § 29-2 skal alle søknadspliktige tiltak **«prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering»**.

Kommunen bør ta i betraktning i vidare behandling av dispensasjonssøknaden at dette allereie er eit ferdig regulert boligområde. Sjølv om nybygget ikkje er ein del av «nye Selfallet» sin reguleringsplan, vil utbygginga av denne boligen med dei endringane som er skissert i dei nye teikningane, påvirke dei allerede etablerte boligane rundt.

Det å setje opp eit bygg med størrelsen som er oppgitt i dispensasjonssøknaden er ugunstig- spesielt med tanke på at nybygget er ein bolig som kjem i fremste rekke av feltet.

Det kan derfor være naudsynt for kommunen å setje krav til høyde og utbyggingsareal for å ivareta eigedomane i bakkant vidare i søkjeprosessen.

Med vennleg helsing

Stig K. Unneland
Bodil K. Unneland

Lars-Erik Ervik
Monica Marøy

